

## Saksutgreiing:

### MOGLEGE KONSEKVEN SAR FOR VESTLANDET AV "HARD BREXIT"

Sakshandsamar: Geir Sør-Reime, Rogaland

---

#### Vedlegg (i eitt dokument):

1. Brev frå Vestlandsrådet til næringsministeren 20.11.2018
  2. Svar frå næringsministeren (udatert)
  3. Faksimile av artikkel i Stavanger Aftenblad 08.12.2018
  4. Innlegg i Stavanger Aftenblad av Marianne Chesak 11.12.2018
  5. Utdrag av spørsmål/svar frå regjeringa om 'hard Brexit'
  6. Utdrag frå The Guardian 16.januar 2019:
- 

Vestlandsrådet fekk ei orientering om moglege konsekvensar for næringslivet i Vest-Noreg om det blir ein såkalla 'hard Brexit' på sitt møte 1.november 2018.

Hovudfunna i rapporten blei oversend næringsministeren, som også har svara på brevet (sjå vedlegg 1 og 2).

I forkant av den varsla røystinga i det britiske Underhuset om Brexit-avtalen før jul, hadde Stavanger Aftenblad ein presentasjon av funna i Brexit-saka der både Marianne Chesak, som deltek i Nordsjøkommisjonen si Brexit-arbeidsgruppe og direktøren for NHO Rogaland blei intervjuja (vedlegg 3) Marianne Chesak hadde også eit lesarbrev i same avis om saka (vedlegg 4).

#### Status Brexit

Som kjent blei det ikkje noko avrøysting om Brexit-avtalen før jul. Røystinga 15. januar førte til eit rungande nei til den framforhandla avtalen.

Pr. 22.januar er det framleis særskilt uklårt kva som vil henda, men det er berre litt over to månader att til Storbritannia etter planen går ut av EU, og tida for å få til ein avtale er knapp.

Det er hektisk arbeid i gong både i Storbritannia og i EU og EØS-landa for i alle høve få på plass mellombels avtalar og lovendingar som kan minska dei negative konsekvensane av ei 'no deal' Brexit.

## **Vidare oppfølging frå Vestlandsrådet si side**

Om det ikkje blir semje mellom EU og Storbritannia innan 29.mars, er det likevel fare for alvorlege konsekvensar, med nærast kaos og store utfordringar for næringsliv, reiseliv og t.d. norske statsborgarar som er busette i Storbritannia og britiske statsborgarar busett i Noreg.

Vestlandsrådet bør vera budd på at 'hard Brexit' kan bli ein realitet, og førebu møter med statsministeren og aktuelle statsrådar om korleis regjeringa kan bidra til å avgrensa skadeverknadene av dette, t.d. med strakstiltak, omstillingsmidlar osb.

### **Forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet tek saka til orientering og bed sekretariatet om å følgja situasjonen tett.

Håkon Schwalb  
kst fylkesrådmann

Arne Hope  
sekretariatsleiar

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*